

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 20/579-3/GG

Dykkar ref.:

Dato: 29.09.2020

Høyring - ny lov om pengespel

Medietilsynet viser til Kulturdepartementets høyring av 29. juni 2020 med framlegg til ny lov om pengespel.

Medietilsynet er statens forvaltningsorgan på medieområdet. Det følgjer av samfunnsoppdraget for Medietilsynet at tilsynet skal medverke til å oppfylle dei overordna mediepolitiske måla om ytringsfridom og demokrati gjennom ei open og opplyst offentleg samtale, jf. Grunnlova § 100. Medietilsynet medverkar til å fremje dei mediepolitiske måla ved å leggje til rette for mediemangfald og kritisk medieforståing i befolkninga.

Medietilsynet stør framlegget om ei ny lov om pengespel. Det er positivt at reglar som tidlegare har vore i tre regelverk, blir samla i éi lov. Medietilsynet ser det òg som positivt at lova etter framlegget gjer marknadsføringsforbodet tydelegare og at lokalradio framleis kan tilby pengespel.

Medietilsynet stør grunngivinga i høyringsnotatet om at gråsonespel i dataspel vanskeleg kan regulerast i ei lov om pengespel. Dette gjeld for eksempel lootboksar, som inneheld virtuelle ting som er ukjende fram til boksen blir opna, dersom denne premien har ein økonomisk verdi som vanskeleg kan definerast. Slike gråsonespel bør vere ein del av arbeidet etter reglar om forbrukarvern.

Medietilsynet har desse meir detaljerte merknadene:

§ 7 Marknadsføring av pengespel

Medietilsynet stør ei tydeleggjering av marknadsføringsforbodet i framlegget til ny § 7. Det er positivt at marknadsføringsforbodet, som tidlegare var spreitt på tre ulike regelsett, etter framlegget blir samla éin stad.

Det er positivt at forbodet rettar seg mot all marknadsføring, og Medietilsynet legg til grunn at omgrepet skal tolkast vidt og i tråd med korleis ein bruker omgrepet i marknadsføringslova. Medietilsynet meiner at marknadsføringsomgrepet dekkjer reklame, produktplassering og sponing slik dette er definert i kringkastingslova § 1-1 første ledd bokstav g), § 3-4 andre ledd og § 3-6 andre ledd.

Medietilsynet stør at det tydeleg går fram i § 7 andre ledd at det skal vere forbode å rette marknadsføring av pengespel mot mindreårige. Høyringsnotatet viser til at regelen blir supplert av forbodet mot å sende reklame som er særleg retta mot barn, og forbod mot reklame i tilknytning til barneprogram for marknadsføring i kringkasting og audiovisuelle bestillingstenester jf. kringkastingslova § 3-1 og kringkastingsforskrifta § 3-6. Dessutan kan ikkje barne- og ungdomsprogram sponsast av fysiske eller juridiske personar som har til formål å drive næringsverksemd, jf. kringkastingsforskrifta § 3-11. Det er heller ikkje tillate med produktplassing i program som er særleg retta mot barn. Program som medietenester under norsk jurisdiksjon har produsert eller tinga, kan heller ikkje innehalde produktplassing av produkt eller tenester av særleg interesse for barn, jf. kringkastingslova §§ 3-6 og 3-7.

Etter framlegget til ny § 7 er det heller ikkje tillate å medverke til å marknadsføre pengespel som ikkje er tillatne etter lova. Medietilsynet stør at medverknadsansvaret blir lovfesta.

Departementet skriv i høyringsnotatet punkt 7.2.2:

Departementet legger til grunn at det eksisterende forbudet mot formidling i dagens pengespillregelverk rammer all aktivitet for å distribuere pengespill som ikke har norsk tillatelse. Dette omfatter bruk av kommisjonærer, agenter, distributører og andre mellommenn som bringer pengespillet ut til spillerne.

Det blir òg lagt til grunn at det nye lovframlegget ikkje er meint å snevre inn rettstilstanden slik den er nå. Medietilsynet stør at eit vidt medverknadsansvar blir ført vidare i ny lov. Medietilsynet meiner at det vil vere nyttig om det i lovforarbeida blir gjort klart kor langt medverknadsansvaret strekkjer seg for reine tekniske formidlarar av slik marknadsføring, for eksempel for distributørar av audiovisuelle medietenester. Vi viser her til dei nye føresegnene i kringkastingslova § 4-7, som trer i kraft 1. januar 2021.

§ 22 Løyve for lokalradio og lokal-TV til å tilby pengespel

Medietilsynet stør ei vidareføring av dette løyvet. Inntekter frå radiobingo er viktig for mange radioar utanfor storbyområda.

I Medietilsynets rapport om Norsk medieøkonomi frå 2019 finn vi at 44 lokalradioar rapporterte at meir enn halvparten av driftsinntektene kom frå bingospel i 2018. Samla sett hadde lokalradioane nær 50 millionar kroner i bingoinntekter i 2018. Tal for 2019 blir klare om kort tid.

Med helsing

Mari Velsand
direktør

Hanne Nistad Sekkelsten
direktør juridisk og regulatorisk avdeling

[Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift](#)